

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Det Kongelige Klima- og Miljødepartement
Postboks 8013 Dep
NO-0030 OSLO

Dykkar ref.: 14/523

Dykkar dato: 10.07.2014

Vår ref.: 9/14swb

Vår dato: 19.09.2014

Høyringsinnspel, framlegg til endringar i motorferdsellova m. forskrift

Syner til høyring av framlegg til endring av motorferdsellova, ref. 14/523. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane ser at lovendringa kan få vesentlege verknader for villreinnemndene sitt arbeid dersom nokre av kommunane med fjellareal som inngår i eit villreinområde ynskjer å nytte seg av høve til å etablere skuterløyper. Villreinnemnda for Sogn og Fjordane vil med ordlyden i den framlagde lovendringa få to område der ein ikkje vil kunne etablere skuterløyper i nesten heile (Førdefjella) eller delar av området (Vest-Jotunheimen), og tre området der slike løyper vil verte meir aktuelle. Lovendringa vil og påverke den generelle haldninga i samfunnet til motorferdsel i utmark, og dessutan det totale talet på skuterar kjøpt inn med rekreasjon som hovudføremål. Dette vil i praksis innverke også på dei villreinområda som etter forslaget ikkje vil få slike løyper. Me ynskjer å gje innspel til saka, med bakgrunn i forvaltaransvar i 5 ulike villreinområde i Sogn og Fjordane fylke, der ingen av områda har status som nasjonale.

Den ynskte lovendringa strider mot prinsippet i gjeldande motorferdsellov om at all motorferdsel i utmark skal skje med grunnlag i eit konkret nyttebehov. Ei streng regulering av bruken av motorkjøretøy i utmark har kome m.a. for å hindre køyring for rekreasjon grunna dei ulempene dette kan føre med seg for allmenne interesser inklusive omsynet til vilt og anna naturmangfald. Villreinnemnda er, som eit forvaltingsorgan, ikkje einig i at det er rett å endre desse grunnprinsippa. Me vil rå ifrå ei lovendring som opnar for rekreasjonskøyring då me meiner dette vil føre til unødig uroing av viltet.

Ei skuterløype med jamn bruk vil skape ei linje i landskapet som dannar ei kryssingsbarriere for villrein på lik linje med ei oppkjørt skiløype. Skuterbruk til rekreasjon vil også bringe fleire menneske inn i fjellet i område som ligg langt unna ein alminneleg dagsturdistanse på ski, og med det føre til uroing i område der villrein tidlegare har hatt ro. Ein fersk litteraturstudie utført av det svenske Naturvårdsverket (2014) viser at terrengkjøretøyer har en markant påverknad av dyrs områdebruk (rapport 6622; Terrengkøringens påverkan på djurlivet). Ein av seniorane i Norsk viltforvaltning, Olav Hjeljord (prof. emeritus, NMBU) oppsummerar Naturvårdsverket sine funn i eit innlegg i Nationen 28.08.2014 (vedlagt). Innlegget understøtter funna om negative effektar på viltet. Rapporten har og eigne studiar om skutertasear sin verknad på klauvdyr. Hjeljord trekk i sitt innlegg fram elg og rein som døme, der rein er den arten som vert desidert sterkast påverka. I rapporten oppsummerar Naturvårdsverket 85 studiar om forstyrning på reinsdyr, der 83% av undersøkingane syner ein vesentleg negativ effekt.

Villreinen er særleg sårbar for uroing om vinteren, då energisparing er ein av dyra sine hovudstrategiar for overleving. Villreinen har i mange villreinområde fått innsnevra sitt tilgjengelege vinterbeiteareal på grunn av menneskelege inngrep og bruk, som t.d. hytteområde og nettverk av skiløyper. Skuterløypene skal iflg. endringsframlegget leggst utanom etablerte, viktige friluftsområde. Det vil seie at ein skapar ei forstyrning for viltet i nye område, som til no har vore rolege. Villreinområda i Sogn og Fjordane ligg i fjellområde som vert nytta av både lokalsamfunn og tilreisande til rekreasjon. Dei tre vestlegaste områda er små, og det er høvesvis små areal der reinen framleis kan vere høvesvis

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

skjerma. Om ein skal legge løyper utanom dei mest nytta rekreasjonsområda i desse områda vert det nærast umogleg å unngå negativ innverknad på vinterbeita. I Vest-Jotunheimen kjem ein og raskt inn i vinterbeiter dersom ein skal unngå nasjonalparken.

Det er positivt at ein i framlegget til lovendring vil skydde særleg viktige naturområde, og nemnar verneområde og nasjonale villreinområde som ein stad der ein ikkje skal kunne legge ut løyper. Me meiner at det i ei evt. lovendring må stå at villreinområde er ein stad slike løyper ikkje skal vere tillate, men dette lyt gjelde *alle* villreinområde. Me vil be om at ordet «nasjonale» vert teke vekk frå den føreslegne paragrafen.

Villreinnemnda vil stille spørsmålsteikn på måten lovframlegget bruker områda sin status på. Det høyrer urimelig ut at ein villrein som lever i et nasjonalt villreinområde skal ta skade av ein aktivitet som ikkje skadar ein villrein som lever i eit ikkje-nasjonalt villreinområde. Denne måten å differensiere forvaltinga i a- og b område trur vi ikkje har vore intensjonen med ideen om å etablere nasjonale villreinområde. I dei store, nasjonale områda er ein einsarta og samkjørt arealforvaltning viktig, og det har vore rett å lage regionale planar som kan syte føre dette. Det er akseptabelt at ein ikkje har brukt same mengde ressursar i dei mindre, og som regel meir oversiktlege ikkje-nasjonale villreinområda. Interkommunale arealplanar kan være gode verktøy i disse mindre områda. Men det er stor avstand mellom å prioritere dei store områda i forhold til ressursar for å få til ei god forvaltning og det å utforme eit lovverk som gir villrein som art ulik beskyttelse avhengig av kva for villreinområde den lever i.

Departementet argumenterer med at forbod i alle villreinområde vil bandlegge for store areal. Dette er i våre auge eit svakt argument for å ha forbod i nasjonale villreinområder men opning i dei ikkje-nasjonale villreinområda. Det er dei nasjonale villreinområda som er arealmessig størst. Dei fleste av dei andre villreinområda er små, og dekker, samanlikna med dei nasjonale områda, ikkje store areal. Vi har 10 nasjonale område. Jfr. areala som ligg inne i Naturbase dekker dei til saman eit areal på i alt 41 868 km², noko som utgjør 84% av villrein fjella. Dei ikkje nasjonale områda er 13 områder på i alt 7 792 km².

Me vil minne om at Nasjonale villreinområde har ikkje ein lovfesta vernestatus så sant dei ikkje ligg innanfor eit landskapsvernområde, ein nasjonalpark eller anna verna areal. Det er ofte understreka at dei regionale planane for villrein ikkje skal være verneplanar, men retningsgjevande arealplanar. Nemnda fryktar at det vil verte svært mykje vanskelegare å få gehør for å ta omsyn til villrein i handsaming av motorferdselløyver dersom ein i motorferdsellova finn ein differensiering av kva praksis som skal gjelde i villreinområde med ulik status.

Lovframlegget vil skape diskusjonar i dei ulike «ikkje nasjonale» villreinområda om kor villrein held seg på vinterbeite, og om nokre område kan gjevast «fri» grunna liten bruk av dyra. Me vil minne om at vinterbeite er ein minimumsfaktor for bæreevna i svært mange villreinområde, og då særleg i dei vestlege områda. Ising av dei vinterbeita som i utgangspunktet er dei beste kan føre til at dyra oppsøker andre område enn dei som er kartlagde som typiske vinterbeiteområde. Også skogsområder i underkant av dei avgrensa villreinområda fungerer som beitereserver i våre villreinområde, ikkje minst i dei tre vestlegaste områda der ising førekjem ofte. Det er svært viktig at villrein får trekke fritt i og mellom dei areala som pr. i dag framleis er fysisk tilgjengelege. Ei skuterløype i område som *kan* ha vore avklart som lite aktuelt vinterbeite, kan hindre rein i å berge seg med alternative beiter. Det er også viktig å ta høgde for villreinen sin sykliske bruk av leveområda. Etter at eit område har vore beita ned kan dyra *tilsynelatande* slutte å nytte seg av dette. I vinterområde kan ein ha opphald på opp til 20 – 30 år, før dyra så kjem attende til eit restituert beite. Dette er ein så lang tidsperiode at det kan vere vanskeleg å få gehør for at eit aktuelt område lyt takast vare på og skyddast mot regelmessige forstyrringar. Ein risikerer slik å innsnevre tilgangen på moglege vinterbeiter ved å tillate rekreasjonskøyring.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane vil rå ifrå å innføre den føreslegne lovendringa. Eit minimum for å kunne ta vare på nasjonalt miljøansvar og skydde villrein mot unødige uroing må vere at løyper for rekreasjonskøyring vert forbode i alle villreinområde, uavhengig av området sin formelle status.

Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

Med helsing Villreinnemnda for Sogn og Fjordane

leiar

sekretariat

Astrid Eitrheim Lerum

Siri Wølneberg Bøthun

Brevet er godkjend elektronisk og har difor ikkje underskriftar.

Kopi til:

Miljødirektoratet

Villreinnrådet i Norge

Svartebotnen villreinutval

Vest-Jotunheimen villreinutval

Førdefjella villreinutval

Sunnfjord villreinutval

Lærdal-Årdal villreinutval

Norsk villreinsenter nord